

Helse Bergen
Postboks 1400
5021 BERGEN

Deres ref:
[REF]«Ref»

Vår ref:
2015/1370 - 8630/2015

Saksbehandler:
Ingrid Dirdal 41436400

Dato:
24.02.2015

Svar på søknad om midlertidig adgang til å utføre autolog stamcelletransplantasjon ved MS

Viser til brev frå Helse Bergen datert 11.02.15 med tittel: *Søknad om å få utføre autolog stamcelletransplantasjon av MS-pasienter*, og vedlegga til brevet.

Søknaden blei vurdert i det interregionale fagdirektørmøtet 23.02.2015.

Fagdirektørane i dei fire RHF-a gir Helse Bergen HF ei mellombels godkjenning til å utføre autolog stamcelletransplantasjon av MS-pasientar med dei utvalskriteriene og prosedyrekrav som går fram av søknaden. Eit viktig moment her er at spesialister i dei andre helseregionane blir trekte inn i indikasjonsstillingane i den løpande kliniske aktiviteten.

Ei fullstendig metodevurdering i regi av Kunnskapssenteret ventast ferdigstilt tidlegast i februar 2016. Så snart denne rapporten ligg føre blir det gjort ei ny vurdering av bruk av autolog stamcelletransplantasjon for MS-pasientar i Noreg. Når denne vurderinga er fullført, vil den mellombels godkjenninga fagdirektørane har gitt Helse Bergen ikkje gjelde lenger.

Godkjenninga gjeld dermed for ein avgrensa periode. Det er ikkje ei oppretting av ei ny nasjonal behandlingsteneste.

Helse Bergen blir oppmoda til å ha aktiv dialog med andre relevante fagmiljø utanfor og i eigen region, dette for å sikre at tilbudet og aktuelle indikasjonar for behandlinga er kjende i heile landet.

Dei regionale fagdirektørane ber samstundes om ein oppsummerande rapport om aktivitet og resultat når perioden med midlertidig godkjenning er ferdig.

Vennleg helsing

Baard-Christian Schem

Baard-Christian Schem
fagdirektør

Ingrid Dirdal
rådgjevar

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no

Kopi til:

Helse Nord RHF

Helse Midt-Norge RHF

Helse Sør-Øst RHF

Geir Tollali

Alice Beathe Andesgaard

Kjell Salvesen

Alf Henrik Andreassen

Anne Kristine Lehmann

Lars Bø

Lars B. Nesje

Stener Kvinnsland